



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 12.03.2012  
Vår ref.: 2011/13036  
Arkivnr.: 512.0

Innovasjon Norge Rogaland  
Postboks 8034  
4068 STAVANGER

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: [postmottak@fmro.no](mailto:postmottak@fmro.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## ETABLERSTIPEND BU TIL JULETRESATSING I ROGALAND

Fylkesmannen viser til tidlegare ”kriteriedokument” for støtte til juletreproduksjon i Rogaland, vedlagt vårt brev av 28.04.2009. Vi vil med dette opplyse at dette dokumentet nå er revidert. Det er vist til revidert dokumentet i vårt løyvingsbrev av 09.03.2012.

Revidert kriteriedokument følger direkte inn i dette dokumentet, s. 2 og 3.

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Anfinn Rosnes  
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 17  
E-post: [anfinn.rosnes@fmro.no](mailto:anfinn.rosnes@fmro.no)

# ETABLERARSTIPEND BU TIL NYE JULETREPDUSENTER I ROGALAND, GJELDANDE FRÅ 2012

## 1. Bakgrunn

Juletresatsinga i Rogaland er i ferd med å feste seg som ei sikker næring basert på kvalitet og profesjonalitet hos enkeltprodusentar, samt eit aktivt rettleiingsapparat. Fleire nye marknadskanalar, spesielt mot utlandet, gir grunn til optimisme i næringa. Etterspurnaden aukar og det er plass til fleire profesjonelle produsentar. Rogaland er det dominerande juletrefylket og har optimale produksjonsforhold.

Totalkostnaden for etablering av eit juletrefelt utgjer om lag 35 000 – 40 000 kr/daa, slik fordelt, ut frå 700 planter/daa og uttak på 80 %:

Planting, tilrettelegging av feltet:	10 000 – 20 000 kr/daa
Viltgjerde (2m høgt):	80 – 100 kr./lm
Skjøtsel av feltet fram til hausting:	10 000 – 15 000 kr/daa
Hausting	12 000 - 16 000 kr/daa

I tråd med Regionalplan for landbruk i Rogaland, jf. Mål 12, tiltak 12.1.4 skal det arbeidast for å at juletrenæringa skal utnytte potensialet i marknaden. Dette vil bli følgt opp gjennom økonomisk stimulans til nye produsentar.

## 2. Kriterium for å stimulere til auka juletresatsing

Etablering av juletreproduksjon i Rogaland skal særleg stimulerast på gardsbruk i distrikta utanom det sentrale Jæren der produksjonen har potensial i seg til å gi eit vesentleg bidrag til den samla inntekta på bruket. Viktige vurderingskriterium:

- Planlegging av nytt areal som skal disponerast til juletreproduksjon må vere stort nok til at produksjonen kan ha eit vesentleg omfang. Avhengig av topografi og arrondering kan areal frå omlag 40 dekar og oppover reknast å ha slik storleik.
- For å sikre god kompetanseoverføring bør nye produsentar ha ei form for fadderordning, dvs. kopling og samarbeid med ein etablert produsent. Dette også for å kunne dra vekslar på produksjonsutstyr. Produsenten må forplikte seg til å utføre nødvendig fagmessig forsvarleg stell av plantinga.
- Ein langsiktig produksjonsplan med fullstendig investeringsbudsjett må ligge til grunn, der hausting blir etterfylgt av nyplanting i ein oppbyggingsperiode som svarer til ein produksjonssyklus. Vanleg syklus er frå 8 til 10 år. Planen skal vere utarbeidd eller tilrådd av ein fagperson Fylkesmannen i Rogaland kan godkjenne.
- Treslaga skal veljast ut frå etterspurnad i marknaden, då edelgranartar som Nordmannsgran eller Fjelledelgran. Eit effektivt juletrefelt har til vanleg minimum 600 planta tre pr. dekar nettoareal. Plantematerialet skal vere levert frå ein produsent som har dokumentert opphavet til småplantene. Plantinga må forsikrast.
- Dersom jordbruksareal skal nyttast må det ligge føre løyve til omdisponering av arealet til skogproduksjon (her: juletre) etter § 9 i jordlova. Slikt omdisponeringsløyve skal normalt avgrensast til å gjelde for eit omløp av juletre (12 – 15 år). I vurderinga av saker om omdisponering av areal til juletreproduksjon skal kommunen legge vekt på omsynet til eit strengt vern av dyrka jord.

- Eigaren må vere villig til å stille plantinga til disposisjon for forskings- og/eller rett-leiingstiltak (markdagar, o. l.) til fremjing av juletrenæringa.
- Alt sal av produserte juletre skal vere i samsvar med krav til innrapportering til virkesdatabasen (VSOP).

### **3. BU-tilskot til juletresatsing**

Nyetablering av juletreproduksjon kan finansierast med BU-midlar, som etablerarstipend/bedriftsutvikling. Evt. midlar frå skogfond må inngå som ein del av finansieringsplanen. Avhengig av karakteren av tiltaket kan det løyvast inntil 30 % tilskot av godkjent kostnad. Innovasjon Norge vil gi kvar søknad ei individuell behandling.

Vedtatt strategi og vanlege rutinar for BU-søknader gjeld. Kommunen skal gje uttale til tiltaket før søknaden sendast Innovasjon Norge, og kommunen skal også føre tilsyn med tiltaket og tilrå utbetaling(ar).

### **4. Fylgjande tiltak kan takast med i kostnadsgrunnlaget:**

Eit tildelt tilskot vil gjelde etableringskostnader for feltet og godkjente tiltak i tre år frå etableringa av feltet. Aktuelle kostnader er:

1. Klargjering av feltet før planting (t.d. rydding, lett jordarbeiding, vegar i felt, grøfting, inngjerding)
2. Innkjøp av planter (inkludert ev. le- eller miljøplantingar for å sikre mangfald)
3. Plantearbeid
4. Kostnader til skjøtsel av feltet
5. Planleggings- og administrasjonskostnader, inkl. kostnader til rekneskapsføring
6. Fagleg dyktiggjering av søkjaren
7. Kostnader med fadderordning
8. Opparbeiding av snuplass for store køyretøy

### **5. Søknad**

Ein nyttar vanleg søknadsskjema for BU-midlar. Fylgjande særskild dokumentasjon må fylgje med:

- Detaljkart (1:5000 eller betre) med planlagt juletreareal
- Oversiktskart (1:50 000 eller betre)
- Ev. omdisponeringsløyve etter Jordlova § 9
- Detaljplan for feltet, innehaldande:
  - Ei fagleg vurdering som viser at arealet høver til juletreproduksjon
  - Plan for plantinga som viser korleis feltet skal byggast opp med transportvegar, ev. grøfting, planteslag, ev. lauvtreinnslag, årlege utplantingsplanar, m.m.
- Kostnadsoverslag for etableringa, spesifisert på hovudtiltak
- Fullstendig finansieringsplan
- Fadderavtale